

20 mm nedbør på ein halv time.

24.08.2016



Englafjell i skodde og kraftig regn sett frå Myklebust

Det har vore heftige regnbyger no i ettermiddagstimane, og Kurt Haugland som har verstasjon i Korsnes Nord, kan melda om at det har kome i overkant av 40 mm no i ettermiddag. Aller kraftigast var regnet i totida, og då målte Haugland heile 20 mm nedbør i løpet av ein halvtime.

Lesarar som har kontakta oss kan fortelja at det er svært sjeldan det har vore slike vassføringar i Englafjell. Ein lesar som har fulgt med på dette i 70 år, seier til dømes at han aldri har sett Skiftesbekken så stor som i ettermiddag.

På grunn av skodde og det kraftige regnet har det vore vanskeleg å gje inntrykk av kort heftig det har vore ved å fotografera.

Vi har fått melding om at regnet har grave stygt i einskilde vegar, men ut over det har vi ikkje motteke skademeldingar.

Kurt Haugland fortel elles at det til no i august har kome 170 mm nedbør på målestasjonen i Korsnes Nord.



[Englafjell sett fra Myklebust i ettermiddag.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Einar Gjertsen.